

# Preike konfirmasjon 2017

Av Margit Lovise Holte, sokneprest i Ulstein

***Det heilage evangeliet konfirmasjonsdagen er henta frå Markus i det 1. kapitlet:***

**16** Ein gong han gjekk langsmed Galileasjøen, fekk han sjå Simon og Andreas, bror til Simon. Dei heldt på å kasta net i sjøen, for dei var fiskarar. **17** Jesus sa til dei: «Kom og følg meg, så skal eg gjera dykk til menneskefiskarar!» **18** Då gjekk dei beint frå garna sine og følgde han.

**19** Då Jesus kom litt lenger fram, fekk han sjå Jakob, son til Sebedeus, og Johannes, bror hans. Dei sat i båten og bøtte garna. **20** Då kalla han dei, og dei lét far sin, Sebedeus, bli att i båten saman med arbeidskarane og følgde Jesus.

**Slik lyder det heilage evangeliet**

---

## INTRO

Kjære gode  
Ulsteinkonfirmantar  
årgang 2017. Dette  
er ein stor dag –  
konfirmasjonsdagen  
din! Ein stor dag for  
deg, men også for  
alle som har fulgt  
deg gjennom livet.

Frå den dagen du  
kom – ja du vil  
sikkert sjå nokre kleine babybilder av deg sjølv i løpet av dagen... heilt frå den dagen  
du vart døypt som baby eller som eldre barn – så er det eit ORD som har fulgt deg og  
har kvilt over ditt liv.



Ordet strålar ut gjennom bibelteksta - og peikar på ei retning. Ordet er gjømt mellom linjene, og eg håper vi skal finne det og erfare det ilag.

Gjennom konfirmasjonstida har de lært at tekstene i Bibelen, dei snakkar vi med. Tekstene gjev oss inspirasjon, utfordring, motstand og undring i møte med livet vårt på.

---

Det Jesus gjorde og måten han møtte mennesker på, fortel noko viktig om våre liv og utfordringar. I dag snakkar vi med ei tekst der Jesus seier: Følg meg!- til unge mennesker..

---

## PERFEKT

*Jenter er helt gærne og gutter er klin kokos  
Og alminneligheten tok oss  
Så lite håp noen gang har hjulpet noen  
Og verden har ikke noen penger på oss  
Jeg blir sjalu og verden blir ikke det  
Men verden er full av blikkene alle prøver å kvittes med  
Finnes ingen logikk i det  
Alle bare skuespiller og ingen husker replikkene  
Og vi kan ikke sufflere, hva som helst bare ikke det  
Vi er de eneste oppriktige  
Jeg og du, bare at "vi", ikke hver for oss  
Det er den viktige detaljen som jeg sliter med*

Rap-artisten Cezinando song den for oss i dokkhallen forrige helg. Han låner oss ord til ei livsoppleveling i songen: «Vi er perfekt. Men verden ække det»

Songen er også kjent frå tv-serien Skam - når Sana og Yosef møtes ved Sørenga i Oslo. Eit av Skam-serien sine mange kjærleiksmøter – men er likevel heilt annleis: møtet viser samtale, refleksjon, draumar, nærlighet med respektfull avstand.




**Verden er ikkje bra nok, vi er perfekt.**

- Det er eit kulturelt statement midt i vår tid - for generasjon prestasjon – generasjon perfekt...
  - Men kunne det også vore eit statement for unge fiskarar som satt i ein båt ein dag då Jesus kom forbi?
  - Og korleis passer det inn på denne konfirmasjonsdagen?
-

## LENGTEN

Dei aller fleste mennesker lengter etter kjærleik. Vi lengter etter at våre liv skal bli berørt av kjærleik.

**Jeg og du, bare at «Vi» ikke hver for oss ... det er den eneste detaljen jeg sliter med seier Cezianando.**



Bevar ditt hjerte framfor alt du bevarer, for **livet** går ut fra det.

Ordspr. 4:23

Denne lengten etter kjærleik er ei sterk, vidunderlig drivkraft i oss. Lengten er skrive i hjertene våre ( Fork 3) – og draumar om kjærleik er dei finaste draumane som kan bære oss. For i Guds draumar av kjærleik er våre liv forma, - og i kristen livstolkinga er du skapt – i Guds bilde – heilt perfekt slik du er (Salme 139). Med alt mangfald og ulikskapar som er hos menneske. Du er skapt perfekt, unik i Guds auge ( 1 Mos1ff).



## UPERFEKT

**Men så er ikkje verda perfekt.** Du har sikkert merka det. Verda er vakker og god, men alt er ikkje perfekt. Krava om å vere perfekt, vakker og sporty og smart- og gjerne alt på ein gong- kan få menneske til å miste livskrafta. Vi veit at vi i våre beste familiarar sårar kvarandre og klarer ikkje leve så godt ilag som vi ønska. Vi sårar jorda med forureining og overforbruk. Og våre draumar om perfekt kjærleik knusast. Fordommar og latterleggjering riv tilliten til andre i stykker. For når ein ikkje kjenner seg så bra sjølv, så er det kanskje fristande å rakke ned på andre. Plutselig ein dag oppdager vi alle - at vi ikkje er så perfekte som vi gjerne skulle ønske.

«Lover dette er perfekt...»

Går det an å stole på kjærleiken sjølv om ein ikkje er perfekt?

Går det an å stole på ein mann som seier «Følg meg»?

Går det an å tenke at sjølv om ting går i stykker – så finnast det noko som er for godt til å bli borte?

## TREET OG HÅPET

For 500 år sidan starta ein mann ved namn Martin Luther reformasjonen. Den er grunnlaget for vår kyrkje – han har mange berømte sitat og eit av dei lyder slik: «Sjølv om eg visste at Herren ville kome igjen i morgen, hadde eg planta eit tre i dag».



### *Treet*

Er levande, berekraftig materiale. Det finst mange ulike tretypar og treet symboliserer framtid og vekst. Sjå berre på eit tverrsnitt av eit tre: Bark, veksttre, kjerneveden.

1. Bark er ytterlaget som beskytter mot det ytre: vær, vind og sol. Det ahr ei ru overflate og er robust.
2. Vekst-treet eller virketreet er den delen av stamma som utvidar seg stadig – den står i samspel mellom det som kjem inn og det som kjem frå kjerna.
3. Kjerneved er det mest solide og faste i treet. Dette er solid, står fast – er heilt og fullt motstandsdyktig.

Så vart denne preika plutselig ein biologitime?

Nei – ikkje berre.. men treet er eit fint symbol.

**Årringar** i eit tre, - kan vere eit bilde på åra vi lever. Eit kort blikk på forsamlinga her syner at vi har høgst ulike årringar – vi har ulik levealder.

1. **Kjerneved** – kan vere eit bilde på at vi er skapt unike og perfekte – eg trur der er ein kjerne som er oss, og at vårt fingeravtrykk fins det ingen andre av. Det er den kjerna vert sameina med Kristus i dåpen. Den representerer fundament i oss, noko som står fast og støtt.



2. I **vekstveden** skjer utvikling mellom alt vi tek inn, alt vi lærer i møte med andre og oppdaginger av kven vi er. Påverkander, motstand og kjærleik utvikler oss til å vekse. Vi lærer å ta med oss det gode og forsake det vonde. Vi samhandlar, reflekterer, vurderer og blir prega av andre. Og det skal vi for ikkje å leve i ei buble.
3. Men alle treng eit **ytre lag** – her er det ikkje snakk om ei fasade som ei maske. Men vi treng alle litt bark, litt beskyttelse. I Bibelen snakkar ein om Gud som eit slik vern ein rustar seg med ( Ef 6)– beskyttande lag som vernar om den ein er. Nokon av oss har litt lite bark, og treng å utvikle litt meir beskyttelse, - andre har kanskje litt for u gjennomtrengeleg bark og treng å opne opp for å la seg berøre av livet og andre menneske.



Veksten i treet skjer gjennom heile livet. Og eg tenker der er eit Ord og eit hjerteslag som går som sevje gjennom treet slik at vi både slår røter og strekker oss mot lyset. Jesus kaller seg lyset i verda ( Joh 1) – og det sanne vintreet ( Joh 15). Og han ber oss om å vere som tre som bære god frukt..( Matt 7 )


Ein ven av meg fortalt at for 10 år sidan planta han eit epletre. Fyrst no i år bær det god frukt. 10 år... vekst og god frukt er ikkje alltid noko som skjer fort.



## NÅDE- TIL DEG

Kjære konfirmant. Eg veit at du ikkje **er** eit tre. Men du er **som** eit vakkert tre. Du høyrer til på livstreet Kristus. Du høyrer til ilag med mange andre i denne trebåten Ulstein kyrkje – og den verdsvide kyrkja- og den verda vi lever i. Veks, skyt, knopp - og slå trygge røter, Strekk deg mot lyset.. og bær frukt...Ditt liv har ein mening.

Lev og ta livet inn med opne armar, påverk verda og la den påverke deg – og skap endring i verda – for det trengs! Skap ringar av godheit og kjærleik i ditt liv og i andre menneske sitt liv – for det er dette du vil bli hugsa for..



Og la Ordet på snakke med deg – ordet frå han som seier til deg: «Følg meg!» Ordet som har slik ei kraft at vi orkar å leve med den svartaste molda kring føtene våre - og likevel strekke oss mot lyset. For treet er som håpet.

Og Ordet for håpet er **nåde**

**Nøkkelordet som ligg under alt er nåde...**

Nåde er ei gâve gjeve oss frå Gud– utan prestasjon

Nåden er som ei berøring av uventa godheit.

Nåden ligg mellom oss som uåpna kjærleiksbrev

Nåden finn det perfekte i alt som er uperfekt

Nåden bær med seg tilgjevinga si gâve

Nåden kan bære og gi kraft – i møte med nådelause prestasjonskrav og tapte kjærleiksdraumar

Nåde som er til deg... gøynt mellom linjene, som eit refreng i slekt etter slekt..

Til Deg Som eit lite barn  
Til Deg som ungdom  
Til deg som voksen  
Til deg i din alderdom.  
Til deg, inn i æva. **For nåden - er Til Deg**

**Solo: Marthe Wang: «Til deg».**

*Til deg som ikke håper mer  
Du som trenger et lysglint og trenger det nå  
Til deg som ikke orker mer  
Som har tanker som bare du selv kan forstå  
Til deg som ikke tror på mer  
Du som finner en mening i livet her nå  
Til deg som tror det finnes mer  
Mellom vår lille jord og stjernehimmel stor*

*Da da, da da, da da, da da*

*Til deg som bare løper bort  
All bekymring og uro som kroppen din har  
Til deg som synes alt er bra  
Som nyter hver natt og som liker hver dag*



*Til deg som venter på et svar  
På hvert spørsmål du stilte og spørsmål du  
har  
Til deg som ligger helt i ro  
Mellom kaos og lykke, mellom tvil og tro*

*Da da, da da, da da, da da*

*Til deg som ikke sover mer  
Du som drømmer deg våken om alt du sku'  
gjort  
Til deg som bare sover bort  
Selv om alt løper fra deg og tiden går for*

